


Eksisterande plankart:



Planendring:



Real life:



Endringsforslaget går i hovudsak ut på at ein betrar praktisk bruk av område U/N/B.03 og samtidig gjere planen mindre inngripande i eksisterande terrenget/utfylling i sjø. Ein foreslår å rotere nausta slik at dei ligg cirka same retning som dei nausta som er bygd i område U/N/B.02.

Ein foreslår også å skilje ut naustområda U/N/B.01 - U/N/B.03 og bodområdet U/N/B.04 og knytte dei opp mot den enkelte hytteeigarar. Ein har difor endra feltnamna på alle desse frå f\_U/N/B til U/N/B. Ein foreslår å endre dette for å skape eit betre samsvar mellom plan og verkeleg bruk, då eigarane i planområde slepp å inngå åremålsavtalar for å fordele bruken av nausta.

Føresegna under punkt 3.4 er foreslått endra i tråd med dette.

Ein har i tillegg skilt ut kaifronten frå U/N/B.03 for å sikre at strandlinia rundt dette området er felles for bustader og fritidsbustader i planen. Det er lagt inn føringer for utforming og bygging av nausta i tråd med strandsonerettleiaren i Hordaland.

Stien til nausta er endra i plankartet til slik den vil ligge ved opparbeiding. Den er lagt slik for å unngå mest mogleg inngrep. Stien er avslutta inn til felles kaiområde.

Naustområdet i U/N/B.03 er gjort større og trukket bak der stien tidlegare låg. Det er ingen andre føremål enn stien som vert berørt av denne endringa.

#### **Punktvis endringar i føreseggnene:**

3.4 Uthus/naust/badehus (U/N/B.01, U/N/B.02, U/N/B.03, og U/N/B.04) (**f\_ er fjernet**)

3.4.1 Områda U/N/B.01 - U/N/B.04 er felles for bustader og fritidsbustader i planen. (**HELE FJERNES**)

3.4.6 Nausta skal være maks 40m<sup>2</sup> BRA. Nausta skal harmonera med omgjevninga. Takutstikk skal ikkje overstiga 0,5 meter. Altan/utkraging er ikkje tillete. Mønehøgda skal være under 5meter frå terrengnivå under bygning. Det skal fokuserast på lokal byggjeskikk. (**DENNE ER LAGT TIL**)

3.4.11 Byggjegrensa går i formåls grensa. (**DENNE ER LAGT TIL**)

#### **§3.6 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (f\_BBS01) (**LAGT TIL**)**

3.6.1 f\_BBS01 er felles for bustader og fritidsbustader i planen.

3.6.2 Byggegrensa går i formåls grensa.

3.6.3 Kaifront skal kles i naturmateriale, som stein eller tre, og vere tilpassa omgjevnad og anlegg elles.

#### Kommentarer:

Endringane ser grei ut som mindre endring. Men i og med at alle eigarar i hyttefeltet er part i saka (dei eig alle grunnen) vil det likevel vera trøng for at alle får uttale.

Endringsforslaget inneber ei innskrenkning av felles tilgang til naust/sjø. Kven skal få privat eige til naust ? Det er ikkje nok til alle!? Bør U/N/B.04 framleis vera felles? Det er positivt at ein planlegg for felles kaiområde.

Framlegget kan sendast på høyring til partar og relevante instansar. Etter høyringsfrist skal framlegget sendast kommunen saman med evt merknader.

